

Innspel, kommentar til planen for Mangersneset bustadområde.

Me vil koma med kommentar til denne planen, då me meiner det er viktig å peike på konsekvensar utanfor planområdet om dette vert gjennomført slik planutkastet ligg føre.

Mangersnesvegen frå Manger senter og Manger kai vil måtta ta all trafikkauke med det planlagde bustafeltet.

Fylkesvegen har fleire punkt som inneber fare for gåande, ja alle mjuke trafikantar, og desse må verta tatt i vare og få eit betre tilbod; eit fortau frå krysset ved Raunholmskogen og til krysset i Mangersnesvegen ved Manger kai.

Med andre ord fortuet som ligg i planforslaget må gå heilt fram til der fortuet sluttar ved Raunholmskogen i dag.

Fylkesvegen har mange utkjørslar på dette strekket og auka trafikk inneber auka fare for alle trafikantar.

Manger skule ligg tett ved fylkesvegen, dette er skuleveg for borna.

Me nemner at dette er eit svært mykje brukt område for turgåing, noko som på haust, vinter og tidleg vår går føre seg på kveld og i mørke.

Me ber om at det vert vurdert om fortau òg langs fylkesvegen må koma før oppstart av bygging i Mangersneset bustadområde.

Smedbrekka 12. okt

Mvh

Tone Haveland (sign)

Harald Stanghelle (sign)